



KYSTVERKET

ÅRSMELDING 2019





OV Utvær.

(Foto: Willy Egon Gautvik/Kystverket)

Framsidedeilete: Vågsfjorden.

(Foto: Guttorm Tomren/Kystverket)

INNHALD

| | |
|---|-----------|
| KAPITTEL 1 LEIAREN SI FRÅSEGN | 4 |
| KAPITTEL 2 INTRODUKSJON TIL VERKSEMD OG HOVUDTAL | 7 |
| KAPITTEL 3 AKTIVITETAR OG RESULTAT | 12 |
| Omtale av nøkkeltal og ressursbruk | 13 |
| Hovudmål 1 – Framkome | 18 |
| Hovudmål 2 – Transportsikkerheit | 28 |
| Hovudmål 3 – Klima og miljø | 40 |
| Hovudmål 4 – Beredskap mot akutt forureining | 46 |
| Andre føresetnader og krav | 54 |
| KAPITTEL 4 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA | 56 |
| KAPITTEL 5 VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER | 62 |
| KAPITTEL 6 LEIAREN SINE KOMMENTARAR TIL ÅRSREKNESKAPEN | 64 |



KAPITTEL 1

LEIAREN SI FRÅSEGN

2019 har vore eit aktivt og utfordrande år med god måloppnåing.

Utgreiingane i samband med Nasjonal transportplan 2022–2033 (NTP) har vore krevjande, og vi har tilrettelagt den interne organiseringa av arbeidet for å kunne løyse dei oppgåvene vi har fått – både einskildleveransane og det tverretatlege samarbeidet. Kystverket er i hovudsak ein drifts- og vedlikehaldsetat, og dette gjer tilnærminga vår til arbeidet noko annleis enn for dei andre medlemmane i transportfamilien. Når vi i mars 2020 leverer innspel til prioriteringar for komande NTP, har vi tatt eit godt steg i retning av ei meir langsiktig planlegging og gjort ein kritisk gjennomgang av drifts- og vedlikehaldsarbeidet.

Ein viktig milepæl for Kystverket er at den nye hamne- og farvasslova vart sett i kraft ved årsskiftet. Lova skal mellom anna fremje sjøtransporten som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamn og bruk av farvatnet. Dette vil få innverknad på arbeidet vårt – vi får mellom anna noko større ansvar for utbetring i farvatnet og ei forsterka rolle som tilsynsmyndigheit – men det er vanskelig å spå kor store endringane blir i praksis.

Visjonen vår er å utvikle kysten og havområda til verdas sikraste og reinaste – då er det naturleg at også fartøya våre er miljøvenlege. Både OV Bøkfjord, OV Ryvingen og OV Hekkingen, som er under bygging, har hybride framdriftsløysingar – og vi kan segle på den beste kombinasjonen av rein batterikraft og tradisjonelt drivstoff. Dette er med på å redusere våre eigne utslipp, samtidig som vi er med på å fremje innovasjon og utvikling av ny teknologi. Alle regionane våre har arrangert strandryddeaksjonar, der også fartøya våre har bidrege, og vi har fått bekrefte at ressursane våre kan nyttast i innsatsen mot marin forsøpling.

Ei politisk målsetjing er å redusere vedlikehaldsetterslepet på navigasjonsinnretningane. Sjølv om vi har redusert etterslepet med heile ni prosent i 2019, er dette noko lågare enn målsetjinga vår for året. Dette skuldast mellom anna at vi har starta tilpassinga av innretningane til anbefalte internasjonale standardar - for å redusere kostnadane gjer vi denne tilpassinga samtidig som anna vedlikehald på det einsskilde objektet. Tilpassinga til den internasjonale standarden vil betre sjøsikkerheita og framkome.



Kystdirektør Einar Vik Arset på strandryddeaksjon.
(Foto: Olav Helge Matvik/Kystverket)

For andre året på rad har det vore ein reell nedgang i losavgiftene – som betyr lågare kostnader for brukarane våre. Aktiviteten har auka, og det er størst etterspurnad etter lostenester i perioden mai-september på grunn av cruisetrafikken. Det er utfordrande å drive ei teneste som har ein slik konsentrasjon av aktiviteten når det største kostnadselementet er løn. Vi følger tett med på trafikkutviklinga for å planlegge kapasiteten og halde kostnadane nede.

Stortinget har vedtatt at statens eigarskap og forvaltningsansvar for fiskerihamneanlegg skal overførast til dei nye fylkeskommunane gjennom avtalar med kvar fylkeskommune. Det vart i august 2019 inngått avtalar om overføring med fylkeskommunane sør for Stad frå 1. januar 2020, men det er førebels ikkje inngått avtalar med dei andre fylkeskommunane. Porteføljen vår er redusert, men vi har framleis ansvar for om lag 300 hamner. Vi har henta inn og digitalisert tilgjengelig informasjon og forsøkt å avhende flest mogleg av dei ikkje-næringsaktive fiskerihamnene.

Hendingane med KNM Helge Ingstad og Northguider på tampen av 2018 sette sitt preg på året som var. I tillegg skjedde dei samtidige hendingane med Viking Sky og Hagland Captain på Hustadvika i mars. Alle desse har på kvar sin måte gitt oss erfaringar å bygge vidare på for å styrke sjøsikkerheita


og beredskapen mot akutt forureining ytterlegare. Dette understrekar at hendingar skjer – dei skjer når vi minst ventar det og konsekvensane kan bli store.

I august 2019 sette vi i gang utgreiinga av eit forslag til ny organisering. Dette forslaget vart sendt til Samferdselsdepartementet i starten av 2020. Kystverket har mange kvalitetar, både som myndigheitsutøvar, som utviklar av innovative tenester og som operativ tenesteytar. Styrken vår ligg i denne kombinasjonen i ein liten etat, med ei drivkraft for utvikling og ei ny framtid.

Eg opplever å ha ein organisasjon med engasjerte medarbeidarar – noko eg set stor pris på – og ser fram til å få på plass ein ny organisasjonsstruktur, med klarare styringslinjer og som legg til rette for auka effektivitet.

Ålesund 13. mars 2020


Einar Vik Arset
kystdirektør



Losbording utanfor Honningsvåg.
(Foto: Anders Røeggen/Kystverket)

VISJONEN
VÅR ER Å UTVIKLE
KYSTEN OG HAVOMRÅDA TIL
VERDAS SIKRASTE
OG REINASTE.

KAPITTEL 2

INTRODUKSJON TIL VERKSEMD OG HOVUDTAL

Kystverket er eit ordinært forvaltningsorgan under Samferdselsdepartementet.

Stortinget fastsett budsjetttrammene ved vedtak i dei årlege budsjettproposisjonane. Rammene blir delegert til etaten ved tildelingsbrev frå departementet. Om lag ein tredjedel av verksemda er finansiert av avgifter betalt av brukarar som nytter tenestane våre.

SAMFUNNS- OPPDRAGET

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerheit og beredskap mot akutt forureining, og jobbar for ein effektiv og sikker sjøtransport ved å ta hand om transportnæringa sitt behov for framkome og effektive hamner. Vi driv førebyggjande arbeid og reduserer skadeeffektane ved akutt forureining, og medverkar til ei bærekraftig utvikling av kystsona. Vi skal også medverke til å redusere klimagassutslepp og tapet av naturmangfald.

Vi utøver myndigheit etter hamne- og farvasslova, loslova, forureiningslova og svalbardmiljølova.

For å løyse oppdraget samarbeider vi med ei rekke offentlege etatar, myndigheiter, forskings- og forretningsverksemdar og interesseorganisasjonar, både nasjonalt og internasjonalt.

Vi har også ansvar for å følge opp internasjonale forpliktingar Noreg har på områda kystforvaltning, sjøsikkerheit og beredskap mot akutt forureining.

OVERORDNA MÅL

Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og medverkar til omstilling til lågutsleppsamfunnet. Målet for statleg beredskap mot akutt forureining er å hindre eller avgrense miljøskade som følgje av akutt forureining i norske havområde eller på norsk territorium.

HOVUDMÅL

FRAMKOME

Betre framkome for personar og gods i heile landet.

TRANSPORT- SIKKERHEIT

Redusere transportulykkene i tråd med nullvisjonen.

KLIMA OG MILJØ

Redusere klimagassutsleppa i tråd med ei omstilling mot eit lågutsleppsamfunn og redusere andre negative miljøkonsekvensar.


BEREDSKAP MOT AKUTT

FORUREINING

Hindre og avgrense miljøskade ved akutt forureining, eller fare for akutt forureining.

95,37% av dei spurte svarar frå «særs einig» til «ganske einig» på spørsmål om dei har tillit til Kystverket. 35% er svært einige. Frå brukarundersøkinga 2019

Figur 1 Organisasjonskart



ORGANISASJON OG LEIING

Kystdirektøren er øvste leiar i Kystverket, og hovudkontoret er øvste styringsorgan. Regionane, reiarlaget, lostenesta og beredkaps-senteret utfører operative oppgåver og fellesoppgåver. Til saman har Kystverket om lag 1 000 tilsette.

Hovudkontoret ligg i Ålesund og i Horten. I Ålesund finn vi i tillegg administrasjonen i reiarlaget og lostenesta, samt regionkontoret i Midt-Noreg. Dei fire andre regionkontora er lokalisert i Arendal (Sørøst), Haugesund (Vest), Kabelvåg (Nordland) og Honningsvåg (Troms og Finnmark).

ØVSTE LEIING I 2019:

Kystdirektør:

Einar Vik Arset (frå 5. februar 2019)

Assisterande kystdirektør:


Per Jan Osdal

Avdelingsdirektørar:

Sven Martin Tønnessen, Kystforvaltningsavdelinga
Arve Dimmen, Sjøsikkerheitsavdelinga
Johan Marius Ly, Beredkapsavdelinga

Stabsdirektørar:

Anne Gunn Mostad, HR-staben
Solveig Moe Frøland, Staben for kommunikasjon- og samfunnskontakt
Lidvard Måseide, Staben for interne tenester




- ★ Kystverkets hovedkontor
- ★ Kystverket HK Horten
- Beredskapssenteret
- Regionkontor
- ▲ Kystverket Reiarlag
- Sjøtrafikksentralar
- Losstasjonar
- ▲ Beredskapsdepot



Synfaring på OV Ryvingen. Frå venstre kystdirektør Einar Vik Arset, avdelingsdirektør Arve Dimmen, samferdselsminister Jon Georg Dale, dagleg leiar Kystverkets reiarlag Trond Røren og ekspedisjonssjef Ottar Ostnes frå Samferdselsdepartementet.
(Foto: Olav Helge Matvik/Kystverket)

Figur 2 Fordeling av utløna faste årsverk



Figuren syner fordelinga av etaten sine 970 faste årsverk på dei ulike einingane per 31. desember 2019. Kystverket har flest tilsette innanfor regionalt nærvær og operativ tenesteyting.



PRESENTASJON AV EIT UTVAL HOVUDTAL OG INDIKATORAR

Tabell 1 Nøkkeltal (alle beløp i 1 000 kroner, tal frå kontantrekneskapen)

| | 2017 | 2018 | 2019 |
|--|-----------|-----------|-----------|
| Tal på faste tilsette | 973 | 964 | 976 |
| Tal på faste årsverk | 965 | 957 | 970 |
| Tal på utførte årsverk ¹⁾ | - | - | 1 052 |
| Sjuefråvær | 3,94 % | 4,29 % | 4,03 % |
| Samla tildeling post 01 – 99 | 2 990 958 | 3 071 924 | 3 234 249 |
| Utnytingsgrad post 01 – 29 | 93,1 % | 92,9 % | 96,4 % |
| Driftsutgifter | 2 141 235 | 2 040 766 | 2 300 594 |
| Del løn av driftsutgifter | 0,43 | 0,47 | 0,45 |
| Del løn av total omsetning | 1,13 | 1,10 | 1,13 |
| Del konsulent av total omsetning ²⁾ | 0,03 | 0,03 | 0,04 |

1) Berekningane er basert på utførte årsverk som definert i PM-2019-13 og SRS25 Ytelser til ansatte. Tal for 2017 og 2018 ligg ikkje føre.
2) Omfattar kjøp av konsulenttenester, men ikkje kjøp av andre framande tenester.

Tabell 2 Volumtal for verksemda

| | 2017 | 2018 | 2019 |
|--|---------|---------|---------|
| Tal på fullførte farleiltak | 2 | 4 | 2 |
| Tal på fullførte fiskerihamnetiltak | 1 | 3 | 1 |
| Ventetid på los (> 1 time venting) | 1,4% | 1,8% | 2 % |
| Vedlikehaldsetterslep navigasjonsinnretningar (i mill. kroner) | 1 085 | 951 | 876 |
| Oppetid på maritim infrastruktur | 99,8 % | 99,8 % | 99,8% |
| Tal på lospliktige seglas | 110 982 | 118 151 | 121 502 |
| Prosentdel seglas med farleisbevis | 62,6 % | 65,5% | 65,2% |
| Tal på seglingsklareringer VTS | 413 749 | 423 319 | 442 583 |
| Tal på tilsyn ISPS | 217 | 226 | 226 |
| Tal på tilsyn bulk | 27 | 25 | 24 |
| Tal på meldingar om akutt forureining | 1 297 | 1 120 | 1 023 |
| Tal på statlege aksjonar | 1 | 1 | 0 |
| Tal på ulykker med akutt forureining | 103 | 102 | 90 |
| Tal på miljøskadelige utslepp frå skipsvrak | 0 | 0 | 0 |

Hovudtal og indikatorar blir nærare forklart i kapittel 3 og 4.

KAPITTEL 3

AKTIVITETAR OG RESULTAT

Resultata for året blir vurdert som gode – og dei vesentlege resultatmåla er nådd.

Overføring av ansvaret for fiskerihamnene frå staten til dei nye folkevalde regionane har vore ein omfattande prosess som enno ikkje er avslutta. Avtalar om overføring er signert med fylkeskommunane i Sør-Noreg, mens fylkeskommunane frå Stad og nordover førebels ikkje ønskjer å ta over fiskerihamnene grunna usikkerheit knytt til rammeoverføringane. Vi har no ansvar for 300 statlege fiskerihamner – 215 næringsaktive og 85 ikkje-næringsaktive.


Omlegginga til strekningsvis planlegging av farleilstiltak gir betre moglegheiter til å sjå verkemidla våre i samanheng og å auke sannsynet for å finne dei mest optimale tiltaka. Samanlikna med førre NTP-prosess, der berre nokre få av transporttiltaka kunne vise til positiv netto nytte, har vi no 12 strekningar med 60 tiltak som er samfunnsøkonomisk lønsame og ein positiv forventa netto nytte. Verdien av pakkane er på om lag 3 milliardar kroner.

Ulike støtteordningar er viktige tiltak for å redusere transportkostnadane for godstrafikk og stimulere til at meir gods vart overført frå veg til sjø. Den nye ordninga tilskot til investering i effektive og miljøvenlege hamner skal bidra til ein meir effektiv logistikk i hamnene. Det er for tidleg å seie noko om effektane av ordninga, men prosjekta som fekk tilsegn om midlar har potensial for store innsparingar av tid – anten for skip eller lastebil i hamn. Dei forventa innsparingane støttar opp om målet om å redusere transportkostnadane.

Dei fem prosjekta som har fått tilskot til overføring av gods frå veg til sjø (insentivordninga) til no har eit forventa årleg overføringspotensial på nærare 0,6 millionar tonn gods. Miljøeffekten er om lag 33 000 færre lastebilar på norske vegar årleg. Ordninga bidreg til å styrke nærskipfarta, den gir klima- og miljøgevinstar, betrar trafikksikkerheita, reduserer slitasjen og frigjer kapasitet på norske vegar. Det vart ikkje gitt støtte til nye prosjekt i 2019.

Arbeidet med å vedlikehalde, fornye og modernisere navigasjonsinfrastruktur held fram, men reduksjonen av vedlikehaldsetterslepet er lågare enn snittet dei føregåande åra. Ei av årsakene er omlegging til IALA-standard på fyrlyktene – noko som bidreg til at merkinga i farleia vart betre og meir tilpassa dagens trafikkbilete og internasjonale seglingsreglar. Omlegginga bidreg også til reduksjon i vedlikehaldsetterslep ved at utstyret vart fornya basert på kva som gir best mogleg rettleiing i farleia.

Endring i trafikkmønsteret og auke i lospliktig trafikk gir meir komplekse og ressurskrevjande oppdrag. Som ei følge av dette aukar løns- og pensjonskostnadane. Auken i trafikken er ujamt fordelt i året, og størst i sommarsesongen – og situasjonen løysast ved bruk av overtid. Alderssamansetjinga i loskorpset gjer det nødvendig å rekruttere losaspirantar også i åra som kjem. Kostnadane knytt til tilbringartenesta har også auka, og dette skuldast i stor grad utviklinga i SSB sin kostnadsindeks for innanriks sjøfart.



Figur 3 Samla ressursbruk per hovudmål (tal frå kontantrekneskapan)

I arbeidet med Klimakur 2030 har vi saman med fleire andre etatar analysert potensialet for å redusere klimagassutslepp. Klimagassutslepp frå innanriks sjøfart, fiske og havbruk kan reduserast og størst potensial ligg i overgang frå tradisjonelt drivstoff til løysingar basert på straum.

Hendingane med fregatten KNM Helge Ingstad og trålarar Northguider har både utfordra tenestene og aktivitetane våre og gitt oss nyttig kunnskap og erfaring. Den statlege aksjonen som vart sett i verk etter hendinga med fregatten, vart avslutta 3. mars 2019. Aksjonen var vellukka og utan miljøkonsekvensar av betydning. Vraket etter Northguider ligg framleis i Hinlopenstredet på Svalbard, og skal etter planen fjernast i 2020. Hendinga har gitt oss nyttig kunnskap og erfaring om gjennomføring av aksjonar under ekstreme vêrtilhøve.

NÆRARE OM HOVUDTAL

Figur 3 viser korleis løyvingane er nytta. Av den samla aktiviteten er om lag 1/3 brukarfinansiert og 2/3 statsfinansiert. Hovudmål 2 transportsikkerheit er det største området i kroner, og inneheld både navigasjonsinfrastruktur og lostenesta.

Det er ikkje gitt øymerka løyvingar innanfor hovudmål 3 klima og miljø. Alle val og anskaffingar vi gjer vil potensielt, og i ulik grad, påverke miljøet. Aktivitetane innanfor dette målet er integrert i heile verksemda, og ressursbruken er derfor ikkje synleg i figuren.

Utnyttingsgrada for postane 01-29 er på 96,4 prosent. Driftsutgiftene har auka, og dette skuldast i hovudsak auka aktivitetsnivå, særskilt innanfor losområdet, og mellom anna

Tabell 3 Indikatorar for drifts- og administrasjonseffektivitet (tal frå kontantrekneskapan)

| | 2017 ²⁾ | 2018 ²⁾ | 2019 ²⁾ | 2019 ³⁾ |
|---|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Løn og sosiale utgifter | 959 424 987 | 981 829 153 | 1 053 704 353 | - |
| Totale utgifter | 2 407 470 179 | 2 378 720 088 | 2 623 376 202 | - |
| Administrasjonsutgifter ¹⁾ | 175 263 956 | 189 870 270 | 201 208 078 | - |
| KPI1: Årsverktgift | 994 151 | 1 026 996 | 1 086 293 | 1 001 620 |
| KPI2: Totalutgift per årsverk | 2 494 607 | 2 488 149 | 2 704 512 | 2 493 704 |
| KPI3: Lønsutgiftsdel per årsverk | 0,40 | 0,41 | 0,40 | 0,40 |
| KPI4: Del av administrative utgifter | 0,07 | 0,08 | 0,08 | 0,08 |
| KPI5: Administrative utgifter per årsverk | 181 608 | 198 605 | 207 431 | 191 262 |

1) Konto 673 Andre konsulenttenester inngår ikkje i berekningsgrunnlaget.

2) Berekningane av KPIar er basert på tal på faste årsverk, og ikkje utførte årsverk

3) Berekningane er basert på utførte årsverk som definert i PM-2019-13 og SRS25 Ytelser til ansatte



hendingane med KNM Helge Ingstad og Northguider. Det er ein netto auke på 12 tilsette sidan 2018, og dette skuldast i hovudsak rekruttering av losaspirantar. Sjukefråveret er stabilt på eit akseptabelt nivå for denne typen verksemd.

Del løn av total omsetning og del konsulent av total omsetning er stabil. Desse nøkkeltal har vi ikkje rapportert på tidlegare. Konsulentutgifter er utrekna etter den nye definisjonen i standard kontoplan som er gjeldande frå 1.1.2019. Endringane i kontoar for kjøp av konsulenttenester fører til at talmaterialet ikkje er direkte samanliknbart med tidlegare år.

Indikatorane for drifts- og administrasjonseffektivitet er utrekna etter dei kriteria som er fastsett av Samferdselsdepartementet. Talgrunnlaget er kvalitetssikra og korrigert for endringar i kontoplan og er derfor ikkje direkte samanliknbart med tal i Årsmeldinga for 2018.

Indikatorane viser at utgiftene til løn er høgare i 2019, og dette skuldast i hovudsak den høge aktivitet innan losområdet. Dette er nærare omtalt under hovudmål 2 Transportsikkerheit. Vi har brukt tal på årsverk som grunnlag for berekningane for å kunne samanlikne med tidlegare år. Ulempa med denne framstillinga er at den høge aktiviteten ikkje kjem klart fram av tala. Utførte årsverk er berekna for 2019 etter retningslinjene i PM-2019-13 Definisjon av utførte årsverk, men vi har ikkje tilsvarende berekningar for tidlegare år.

Auken i administrasjonsutgifter skuldast investeringar i IKT-infrastruktur for å sikre kritiske system og funksjonar. Det er gjort investeringar i IKT-sikkerheitsløyser og i utvikling av dei nye brukarretta tenestene Kystdatahuset og Routeinfo i tillegg til at eksisterande tenester, som til dømes Njord, er blitt vidareutvikla.

FORKLARINGAR OG KOMMENTARAR TIL VESENTLEGE MINDREUTGIFTER (TAL FRÅ KONTANTREKNESKAPEN)

Den samla mindreutgifta i kap. 1360 er på 653,5 millionar kroner i 2019. Det vesentlegaste av mindreutgifta skuldast forseinkingar i framdrifta på farleisprosjekta og i fartøyfornyninga. I tillegg er det forseinkingar i utbetalingane av tilskot.

Løyvinga til driftsutgiftene (post 01) er nytta i si heilheit (99,7 prosent) etter omdisponeringar til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald på beredskapsområdet.

Mindreutgifta innanfor større utstyrsanskaffingar og vedlikehald (post 45) er på 177 millionar kroner. Av dette gjeld 118 millionar kroner det femte fartøyet i fornyingsplanen, som er forventa levert i 2020. Vidare er det forseinkingar i utbygginga av AIS-basestasjonar og utvidinga av dekningsområdet til sjøtrafikksentraltenesta på Vestlandet, samt i anskaffingane på beredskapsområdet.

For hamne- og farleisprosjekta (postane 30 og 34) er det ei samla mindreutgift på 310,5 millionar kroner. Det vesentlegaste av mindreutgifta skuldast forseinkingar i farleisprosjekta i Leirpollen, Bodø og Grenland. Prosjekta er nærare omtalt i vedlegg 1.

Innanfor dei fire tilskotsordningane er det ei samla mindreutgift på 148,4 millionar kroner. Det vart gitt tilsegn for nesten heile løyvinga, men det er forseinkingar i utbetalingane. Nokre tilskot er trekt tilbake.

For informasjon om bruk av fullmakter viser vi til note B i årsrekneskapa (kap. 6).




LITUS MINI – EIN NY VARIANT AV LITUS LUX

Vi har laga ein kort versjon av vår standard fyrlykt, og har no ei komplett portefølje av ulike variantar sektorlykter. Vi held også på å lage neste generasjon fundament for standardlyktene våre – desse vil gjere arbeidet med støyping av betong mykje enklare og raskare.

Leverandøren av solcellepanel vart utfordra til å lage kvite solcellepanel – og han har laga nokre som nesten er heilt kvite. Desse panela betrar dagmerkefunksjonen til Litus Mini.
(Foto: Per Erik Ose)

Figur 4 Fordeling av mindreutgifta på kap. 1360 Kystverket



SAMFERDSELSDEPARTEMENTET SINE PRIORITERINGAR I TILDELINGSBREVET TIL KYSTVERKET

Forklaring til kolonnen Omtale i tabellar på side 15–17:

Referansane viser til målet der prioriteringa i hovudsak er omtala. H1-H4 = Hovudmål 1-4, AFK = Andre føresetnader og krav/administrative forhold.

HOVUDMÅL 1 – FRAMKOME

| Prioritering | Kommentar | Omtale |
|---|--|----------|
| Teknologiutvikling for effektive og sikre transportløysingar | Det er stor interesse rundt autonome transportløysingar, og vi deltek på ei rekke område i utviklinga både nasjonalt og internasjonalt. | H1 og H2 |
| Godsoverføring | Tilskotsordningane og reduserte avgifter innan los og VTS bidreg til å auke godsoverføringa frå veg til sjø. | H1 |
| Tilskot til overføring av gods frå veg til sjø – insentivordninga | Tilskotsordninga er forvalta i samsvar med retningslinjene. Det vart ikkje løyvd midlar til ordninga i 2019. | H1 |
| Tilskot til investering i effektive og miljøvennlige hamner | Ny i 2019. Tilskotsordninga er forvalta i samsvar med retningslinjene. | H1 |
| Tilskot til hamnesamarbeid | Tilskotsordninga er forvalta i samsvar med retningslinjene. | H1 |
| Tilskot til fiskerihamner | Tilskotsordninga er forvalta i samsvar med retningslinjene. | H1 |
| Farleier og utbygging av fiskerihamner | Planlagde tiltak er gjennomførte, sjå vedlegg 1 og 2. Arbeidet med å avhende ikkje-næringsaktive hamner er gjennomført i tråd med plan. | H1 |
| Forskotering av midlar til fiskerihamner og farleier | Ordninga er administrert etter avtale med Samferdselsdepartementet. | H1 |
| Middel til ferdigprosjektering av fylkeskommunale og kommunale fiskerihamnetiltak | Midla er løyvd i samsvar med retningslinjene. | H1 |
| Hamnestrategi, hamneplan og nærskipfart | Har tatt del i Samferdselsdepartementet sitt arbeid med ny strategi for nærskipfarten | H1 |
| Short Sea Promotion Center (SPC-N) | Tilskot utbetalt. | - |
| Lostenesta og tilbringartenesta | For å unngå eit stort avvik frå inntektskravet, vart avgiftene redusert med om lag 40 prosent for periodane august-desember. Lostenesta har no eit akkumulert underskot. | H2 |
| Anløpsavgift | Eitt tilsyn vart starta opp, men dette vart avslutta då hamna sjølv stansa innkrevjinga av anløpsavgift. | H1 |
| Transportplanlegging og –analyser | Vi har deltatt i det tverretatlege arbeidet med nye godsrapportar. | H1 |

HOVUDMÅL 2 – TRANSPORTSIKKERHEIT

| Prioritering | Kommentar | Omtale |
|--|--|--------|
| Drift, vedlikehald og fornying av navigasjonsinfrastruktur | Delar av navigasjonsinfrastrukturen er modernisert, og vedlikehaldsetterslepet er redusert. | H2 |
| PNT-strategi | Varsla bestilling frå Samferdselsdepartementet er ikkje tatt i mot. | H2 |
| Losordninga | Saka om oppfølging av vernelovgivinga for losar ligg hos Arbeids- og sosialdepartementet for oppfølging. | - |
| Overvaksnings- og rapporteringssystem | Ein ny AIS-basestasjon er etablert på Svalbard. | H2 |
| Sjøtrafikkentralar | Fornyinga av sjøtrafikkentralane og utvidinga av tenesteområdet på Vestlandet held fram. | H2 |
| Sikker lastning og lossing av bulkskip | Informasjon, rettleiing og tilsyn er utført i samsvar med plan og regelverk. | H2 |
| BarentsWatch | Programmet er vidareutvikla som planlagt, og måla for året er nådd. | H2 |
| Fritidsfartøy | Vi har tatt del i arbeidet med Nasjonal handlingsplan mot fritidsbåtulykker 2019-2023 | H2 |
| Heilskaplege forvaltningsplaner for norske havområder | Vi har tatt del i arbeidet med fagleg grunnlag for heilskaplege forvaltningsplaner for norske havområde. | - |

HOVUDMÅL 3 – KLIMA OG MILJØ

| Prioritering | Kommentar | Omtale |
|-------------------------------|---|--------|
| Klimagassutslipp | Kunnskapsgrunnlag og kompetanse om sjøtransporten og hamnene sin påverknad på klima og miljø blir stadig betre. Teknisk informasjon om operative infrastrukturlegg for alternative drivstoff og energikjelder i sjøfarten er kartlagt og samla inn. | H3 |
| Klimatilpassing | Det blir gjennomført klima- og miljøtiltak på dei fleste områda i organisasjonen. Vi samarbeider med andre relevante aktørar både ved utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og i samband med førebygging, varsling og handtering av hendingar. | H3 |
| Naturmangfald og vasskvalitet | Strandryddeaksjonar er gjennomført for å konkretisere korleis ressursane våre kan nyttast og utviklast i arbeidet med å handtere marin forsøpling. | H3 |
| Sediment | Vi har relevant kompetanse om forsvarleg handtering av forureina sediment i utbyggingsprosjekt og ved miljømudring. Forureina sediment er handtert i samsvar med mudre- og dumpeløyva. | H3 |

HOVUDMÅL 4 – BEREDSKAP MOT AKUTT FORUREINING

| Prioritering | Kommentar | Omtale |
|--|---|--------|
| Statleg depotstruktur | Arbeidet med justering og optimalisering av depotstrukturen er i hovudsak avslutta | H4 |
| Styrke kompetansen og kapasiteten innan handtering av akutt forureining i islagte farvatn | Fleire FoU prosjekt er satt i gang for å bygge kompetanse og kapasitet. Hendinga med Northguider har gitt nyttig erfaring og ny kompetanse. | H4 |
| Oppdaterte analyser av risiko for ulykker og akutt forureining | Nye verktøy og metodar blir utvikla for å avdekke og påvise endring i risiko. | H4 |
| Greie ut problemstillingar knytt til omlasting av drivstoff og fiskeprodukt mellom fartøy i farvatnet rundt Svalbard | Utgreiing er under arbeid, og rapporten vil vere klar i første halvdel av 2020. | H4 |
| Følgje opp evalueringane etter øvinga SCOPE 2017 | Sluttrapport er ferdig. | H4 |
| Slepeberedskap | Overføringa av det operative ansvaret til Kystvakten er førebudd. | H4 |
| Miljøtiltak mot kvikksølvforureining ved U-864 | Støttefyllinga og miljøet rundt er overvaka. Det er gjort ei ekstern vurdering av om ny informasjon eller teknologi føreligg. | H4 |
| Samarbeid med Senter for oljevern og maritimt miljø | Utgreiing av etablering av fasilitetar for testing av oljevernteologi er levert. | H4 |

ANDRE FØRESETNADER OG KRAV – ADMINISTRATIVE FORHOLD

| Prioritering | Kommentar | Omtale |
|--|--|--------------|
| Risikovurderingar | Ny metodikk basert på føringar frå Samferdselsdepartementet er innarbeidd. Avdekka risiko er på eit akseptabelt nivå. | Kap. 4 |
| Effektivisering | Vi arbeider kontinuertleg med å effektivisere drifta. | Kap. 4 |
| Samfunnstryggleik | Strategien for samfunnssikkerheit og beredskap er følgd opp. Risiko og sårbarheitsanalyser av IKT-sikkerheit blir gjort regelmessig, ingen større hendingar med nedetid. | AFK |
| Regionreforma – overføring av fiskerihamner | Arbeidet med å overføre dei statlege fiskerihamnene til regionene er i gang. | H1 |
| Oppfølging av Riksrevisjonens rapportar | Vil følgje opp Riksrevisjonen sine rapportar i samråd med Samferdselsdepartementet. | Kap. 4 |
| Hamne- og farvasslova | Kystverket har tatt del i arbeidet med å førebu innføring av ny lov. | H1 |
| Hamneforordninga | Ingen klager mottatt. | H1 |
| Harnesikring og terrorberedskap | Talet på tilsyn er stabilt. Ingen alvorlege sikringshendingar er registrert. | H2 |
| Kystverket si rolle som tilsynsmynde | Vi har utøvd rolla vår som tilsynsmyndigheit i tråd med planane. | H1, H2 og H4 |
| EØS-arbeid | Vi deltek i internasjonale forum som er relevante for ansvarsområda våre. | H2, H4 |
| Kystkultur | Arbeidet med forvaltningsplanar for dei freda fyrstasjonane er ferdig. | AFK |
| Tilgjengeliggjering av offentlege data | Kystdatahuset gjer data om skipstrafikken tilgjengeleg for alle. | Kap. 4 |
| Arbeid med å auke talet på lærlingar | Vi bidreg til å auke talet på lærlingar. | Kap. 4 |
| Fellesføring om inkluderingsdugnad | Rekrutteringsprosedyrane sikrar at vi gjer vår del i Regjeringa sin inkluderingsdugnad. | Kap. 4 |
| Fellesføring om å motverke arbeidslivskriminalitet | Kontrollar av løns- og arbeidsvilkår hos våre leverandørar er gjennomført, og ingen alvorlege funn eller avvik vart avdekt. | Kap. 4 |

HOVUDMÅL 1 – FRAMKOME

93,28% er «ganske einig» til «særs einig» i at Kystverket bidrar sterkt til betre framkome for godstransport. Frå brukarundersøkinga 2019

MÅL:

Betre framkome for personar og gods i heile landet

| Etappemål | Indikator | Resultat 2018 | Resultat 2019 |
|---|---|---|---|
| Transportsystemet skal bli meir robust og påliteleg | Pålitelegskap for containerskip i faste ruter | - | Statistikken er ikkje oppdatert i 2019 |
| | Ventetid på los ¹⁾ | 1,8 % | 2,0 % |
| Kortare reisetider og tilstrekkeleg kapasitet | Endring av seglingstid som følge av farleistiltak | Innsegling Tromsø er ferdigstilt, og tiltaket reduserte seglingslengda med 160 km for dei største fartøya som kjem frå sør. | Ingen farleistiltak med redusert seglingstid av tyding er ferdigstilt i perioden |
| Transportkostnader for godstrafikk skal reduserast, fortrinna for dei ulike transportmidla skal utnyttast og meir gods overførast frå veg til sjø og bane | Utvikling av effektiviteten i godstransporten ved bruk av SSB sin prisindeks for transport og lagring ²⁾ | - | Godsskip i innanriks fart: 1,6% kostnadsvekst Langtransport på veg: 2,1% kostnadsvekst |
| | Utvikling i utvalde konkurranseflater sjø-veg: import på containere vs. lastebil ³⁾ | Endring frå 2017 til 2018: Container på sjø: 6,0 % auke Lastebil: 0,6 % auke | Endring frå 2018 til 2019: Container på sjø: 5,4 % auke Lastebil: 2,2 % auke |

1) Indikator ventetid på los gjerast det greie for under hovudmål 2.

2) Ein prisindeks for innanriks sjøfart ligg enno ikkje føre frå SSB. Vi viser derfor utviklinga i kostnadane forholdsvis for langtransport på veg og godsskip i innanriks fart. Perioden omfattar 4. kvartal 2018 – 3. kvartal 2019. Data for 4. kvartal 2019 er ikkje klare enno.


3) Tal frå 1.-3. kvartal 2017, 2018 og 2019. Tala for 2019 er samanlikna med 2018.

Vi skal bidra til at sjøtransporten er ein attraktiv, sikker og effektiv del av dei nasjonale og internasjonale transportsystema ved å forvalte kystinfrastrukturen på ein hensiktsmessig måte. Vi skal vere ein leverandør av kunnskap om skipstrafikk, sjøtransport og hamner, og sikre infrastruktur og arealtilgang for ulike interesser i kystsona.

Omlagginga til strekningsvis planlegging av farleistiltak gir betre moglegheiter til å sjå verkemidla våre i samanheng, noko som igjen kan føre til ein meir effektiv ressursbruk både i planleggings- og gjennomføringsfasen og å auke sannsynet for å finne dei mest optimale tiltaka.

Om lag ¾ del av ressursane er nytta til bygging av farleier og fiskerihamner. Kategorien inneheld også tilskot til fiskerihamneanlegg.

Figur 5 Ressursbruk - hovudmål 1 – framkome



SJØTRANSPORT OG HAMN

Vi treng eit godt kunnskapsgrunnlag for å utvikle eit heilskapleg transportsystem, og dei seinaste åra har vi styrka både kompetansen og kapasiteten innan analyse og utgreiing. Eit fagleg grunnlag som innspel til regjeringa sin nye strategi for nærskipfarten og hamneplan vart utarbeidd i 2018, og i år har vi tatt del i Samferdselsdepartementet sitt arbeid med strategien. I arbeidet med komande NTP har vi mellom anna tatt del i det tverretatlege arbeidet med nye godsrapportar, og vi har svart ut departementet sine oppdrag om transportkorridorar, aktivitetsprognosar, klimatilpassing og miljø.

Oppdaterte rekneskap for dei offentlege hamnene er samla inn for å bygge meir kunnskap om hamnene sin økonomi og handlingsrom. Dette er relevant for å få eit bilete av tilstanden i næringa og i vurderinga av tiltak og verkemiddel for å styrke sjøtransporten og hamnene.

Det er gjort ei nasjonal kartlegging av tørrlasttransportar på sjø. Kartlegginga ser mellom anna nærare på kva for varer som blir frakta, kven som nyttar denne transportforma, kva fartøy flåten består av, anløpsmønster og hamneinfrastruktur. Endeleg rapport blir klar i januar 2020.

Vi har tatt del i Transport21 – ein strategiprosess som vart gjennomført i regi av Noregs forskingsråd på oppdrag frå Samferdselsdepartementet. Rapporten, som gir strategiske

råd og anbefalingar om korleis transportsektoren kan bruke forskning, utvikling og innovasjon for verdiskaping, vart lansert i desember.

TRENDAR I GODSTRANSPORTEN


Eit av måla i NTP er at transportkostnader for godstrafikk skal reduserast, fortrinna for dei ulike transportmidla skal utnyttast og meir gods overførast frå veg til sjø og bane.

Den forholdsvis kostnadsutviklinga for godsskip i innanriks fart og for langtransport på veg har utvikla seg ganske likt gjennom 2018 og 2019, men med litt sterkare kostnadsvekst for sjøtransporten. Godstransporten både på sjø og veg opplevde ein svak nedgang i drivstoffkostnadane og ein auke i kapitalkostnadane. I tillegg trakk auken i bom- og ferjekostnadar opp indeksen for langtransport på veg. I inneverande NTP-periode har kostnadane for innanriks godstransport på sjø auka med 7,2 prosent, medan auken for langtransport på veg har vore noko mindre med 5,9 prosent. Auken i 2019 var 1,6 prosent for godsskip innanriks fart og 2,1 prosent for langtransport på veg.

Figur 6 viser forholdsvis utvikling frå eit felles indeknullpunkt første kvartal 2018, men ikkje det faktiske kostnadsnivå på dei einskilde transportformene.

Det har vore ein høg vekst i importen med sjøcontainer i fleire år, medan importen på lastebil er noko redusert sidan 2017. Tal for 1.–3. kvartal 2019 samanlikna med tilsvarende periode i 2018 viser ein auke i importen med container på sjø på 5,4 prosent og ein reduksjon for importen på lastebil med 2,2 prosent.

Figur 6 Forholdsvis utvikling i kostnader for godsskip i innanriks fart og for langtransport på veg (indeksert 2018K1 = 100)






Eit robust og påliteleg transportsystem har særleg betydning for transportkostnadane til næringslivet. På oppdrag frå Kystverket har DNV GL analysert 2/3 av anløpa med containerskip til norske hamner i 2016-17. Rapporten viser at containertransporten på sjø som regel har eit vekebasert tilbod og at det samla tilbodet frå alle operatørar og ruter gir 2-4 anløp i begge retningar for dei fleste hamnene. Rapporten dokumenterer òg at avvika i anløpstidspunkt typisk er på mellom 8 og 20 timar. Samanlikna med andre transportformer er ikkje containertransport på sjø så punktleg. Det er ikkje gjort målingar av regulariteten til containerskip i faste ruter for 2018 og 2019.

Sjøtransporten kan auke si konkurransekraft dersom regulariteten betrast. Reiarlaget Nor Lines har i 2019 oppretta konseptet «Nor Lines Daily» som har daglege avgangar frå ei rekke hamner langs kysten. Dette er eit tilbod som skal komme i møte etterspurnaden etter auka regularitet og betre føreseielegheit i stykkodssegmentet i sjøtransporten.

Importen aukar meir på sjø enn på veg, sjølv om den forholdsvis kostnadsauken på sjø er større enn på veg. Dette kan tyde på at fortrinna for transportforma, som kvalitet, regularitet og føreseielegheit, er betre utnytta enn tidlegare og gir sjøtransporten marknadssdelar.

Figur 7 Import på sjø og veg (indeksert 2018 K1=100)





Sjømerker ved Sandøya i Agder.
(Foto: Olav Helge Matvik/Kystverket)

STØTTEORDNINGAR FOR GODSOVERFØRING

Ulike støtteordningar er viktige tiltak for å stimulere til betre konkurranseføresetnader for sjøtransporten.

Tilskot til overføring av gods frå veg til sjø (insentivordninga) vart etablert i 2017. Dette er ei forsøksordning der målet er overføring av gods frå veg til sjø. Reiarar kan søke tilskot til å etablere nye sjøtransporttilbod mellom hamner i EØS-området, inkludert norske, så framtid gods blir flytta frå norske vegar til sjø. Kvar enkelt prosjekt kan få støtte i maksimalt tre år.

Kystverket fekk ikkje løyving til ordninga i 2019, og det er derfor ikkje tildelt midlar til nye prosjekt. Porteføljen består av fem prosjekt frå utlysningane i 2017 og 2018 – to av desse har

fullført to støtteår og tre eitt støtteår. Forvaltninga av ordninga har til no kravd om lag 1,5 årsverk.

Det er til no overført om lag 234 000 tonn gods frå veg til sjø, noko som utgjør om lag 31 prosent av estimata som låg til grunn for søknadane i dei gjennomførte periodane. Årsaka til at måloppnåinga til prosjekta varierer er mellom anna utfordringar knytt til oppstart, forseinkingar og kapasitet.

Utbetaling av støtte skjer på grunnlag av dokumentert mengde overført gods. Tre av prosjekta vil ikkje kunne oppnå estimert godsoverføring innanfor støtteperioden. Tilsagnsbeløpa for desse er, i tråd med retningslinjene for ordninga, redusert i samsvar med nye estimat. Dette betyr at det vil bli utbetalt mindre pengar enn det som faktisk er løyvd. Utbetalt støtte har gitt nytteverdi for samfunnet. Nytttevordien aukar ytterlegare ved vidareføring av prosjekta etter støtteperioden.


Tabell 4 Oppnådd mengde gods overført frå veg til sjø og berekna klima- og miljøeffektar

| Støtte innvilga | Reiarlag | Skipstype | Overført gods | | | | Reduksjon i CO ₂ ²⁾ | |
|-----------------|-------------------|--------------|---------------|----------------------------|---------------------|----------------------------|---|--------------|
| | | | Tonn | Mål-oppnåing ¹⁾ | Tonnkm i mill. tonn | Mål-oppnåing ¹⁾ | Berekna | Mål-oppnåing |
| 2017 | Base Marine AS | Ro-ro, cargo | 69 312 | 51% | 20,2 | 27% | 3 896 | 75% |
| 2017 | DFDS Logistics AS | Cargo | 51 365 | 59% | 2,7 | 62% | 247 | 63% |
| 2018 | Havline | Fiskefartøy | 15 218 | 32% | 11,4 | 43% | 1 133 | 44% |
| 2018 | Viasea Shipping | Container | 7 993 | 12% | 3,8 | 19% | 415 | 19% |
| 2018 | Color Line | Ro-ro | 90 226 | 21% | 20,6 | 21% | 1 568 | 21% |
| Sum | | | 234 111 | 31% | 58,7 | 26% | 7 258 | 41% |

1) Måloppnåing er berekna ut frå estimat som låg til grunn for tilsegnen i gjeldande periode i søknad

2) Berekingar og estimat for klima- og miljøeffektar er basert på indeksar frå Vista analysen 2015 og TØI rapport 2014.

Figur 8 Forventa varig årleg effekt ved utløpet av støtteperioden



Målet i gjeldande NTP er å overføre 5–7 millionar tonn gods frå veg til sjø og bane, og insentivordninga er eitt av fleire tiltak som skal stimulere til godsoverføring. Dei fem prosjekta som har mottatt tilsegn om støtte til no, har ved utløp av støtteperioden eit årleg overføringspotensial på om lag 0,6 million tonn gods og 170 000 tonnkilometer frå veg til sjø. Dette svarar til ein årleg netto nytteverdi på om lag 31 millionar kroner. Overføringspotensialet er utrekna under føresetnaden om at prosjekta drivast vidare etter støtteperioden, og at godsoverføringa samsvarer med siste periode med støtte.

Desse fem prosjekta kan åleine bidra til å nå om lag 10 prosent av målet om godsoverføring. Miljø- og klimaeffektane viser at ordninga også kan bidra positivt i omstilling mot eit lågutsleppssamfunn. Ordninga bidreg til å styrke nærskipfarta, betrar trafikksikkerheita, reduserer slitasjen og frigjer kapasitet på norske vegar.

Ordninga tilskot til investering i effektive og miljøvenlege hamner, etablert i 2019, skal bidra til ein meir effektiv logistikk i hamnene. Det kan ystast støtte til investering i hamneinfrastruktur, tilkomstinfrastruktur og mudring, men ikkje til investering i «superstruktur» som kraner og bygningar.

I 2019 mottok vi 23 søknadar, og fem prosjekt fekk tilsegn om tilskot for til saman 43,7 millionar kroner. Tre av desse prosjekta omhandlar installasjon av Smart Gate-system, eitt skal forsterke kai-infrastrukturen for å leggje til rette for ei større kran, og det siste skal effektivisere logistikken ved å forbetre elektronisk datafangst. Nokre av desse prosjekta har potensial for store innsparingar av tid anten for skip eller lastebil i hamn. Innsparingane kjem ikkje hamna til gode, men støttar opp om målet om å redusere transportkostnadane.

To av prosjekta vart gjennomført i 2019, eitt er delvis gjennomført og to har fått utsatt frist til 2020. Det er betalt ut 30,7 millionar kroner.

Ordninga tilskot til hamnesamarbeid er øyremerka samarbeidsprosjekt mellom hamner. Målet med ordninga er å få til samarbeidsprosjekt som skal gi brukarane av hamnene betre transportkvalitet og reduserte kostnader. I 2019 fekk 15 prosjekt tilsegn om til saman 9,1 millionar kroner i tilskot, og om lag 7 millionar kroner er betalt ut. Prosjekta omfattar samanslåing og utgreiing av fellesfunksjonar, digitalisering og varestraumanalyser. Alle prosjekta er gjennomført.



POWERED BY NATURAL GAS

Containertransport på Flatholmen i Ålesund.
(Foto: Olav Helge Matvik/Kystverket)

FORVALTNING

Vi opplever auka interesse for sjøareala frå fleire næringar. Hamnedrifta er avhengig av at det er store nok sjønære areal til disposisjon – og det er viktig at arealbehovet blir planlagt og forvalta i eit langsiktig perspektiv. Vi er ein støttespelar til hamnene i arbeidet deira for å sikre dei langsiktige arealbehova. Vi passar også på at farleiskryningar som bruer planleggast i tråd med dei krava som er gjeldande.

Vi har også eit ansvar som tilsynsmyndigheit når det gjeld kommunane si utrekning, innkrevjing og bruk av anløpsavgift, og deira disposisjonar av hamnekapitalen. Det vart starta opp eitt tilsyn i 2019, men dette vart avslutta då hamna sjølv stansa innkrevjinga av anløpsavgift. Totalt tilbakeføring etter dette tilsynet er anslått til om lag 10–12 millionar kroner. Ei anna sak vart avslutta då Samferdselsdepartementet stadfesta at vårt vedtak om tilbakeføring av for mykje innkravd anløpsavgift på om lag 8 millionar kroner var gyldig. Elles er det gitt høyringsfråsegner til kommunale anløpsforskrifter og ytt rettleiing til aktørar i einskilde saker.

Den nye hamne- og farvasslova er gjeldande frå 01.01.2020, og vi har tatt del i Samferdselsdepartementet sitt arbeid med forskrifter, oppdatert internt regelverk og rettleiingsmaterieill og førebudd regionale informasjonsmøter.

Hamneforordninga er no gjeldande i norsk rett, og Kystverket er klageinstans ved påstand om brot på forskrift som gjeld TEN-T-hamner. Vi har ikkje mottatt klager til no.

FARLEIER

I sjøtransporten kan tiltak i farleia gi redusert seglingsdistanse, kortare seglingstid og redusert risiko for ulykker. Dette gir ein tryggare sjøveg og meir effektiv drift for brukarane.

Vi tok i bruk strekningsvis planlegging som ny metode i planlegginga av farleisinvesteringar i arbeidet med NTP 2022–2033. Frå tidlegare å sjå på punkt, ser vi no heile strekningar under eitt. Dette aukar fokus på prosjektoptimalisering, brukarbehov, trafikale avhengigheiter og gjennomgåande standard. Det er gjort risiko- og samfunnsøkonomiske analyser av

aktuelle strekningar og resultatane av desse analysane er grunnlaget for prioritering av tiltakspakkar. Det er gjennomført optimaliseringsprosessar for dei pakkane med størst potensial og vi har no 12 strekningar med til saman 60 tiltak til ein verdi på om lag 3 milliardar kroner og ein forventa positiv netto nytte.

Samtidig er berekningsmodellane vidareutvikla for å betre kvaliteten på analysane og for å effektivisere ressursbruken per analyse. Det er også utarbeida ein metodikk for verdsetting av forureina sediment som gjer det mogleg å inkludere miljøeffektar frå fjerning av forureina havbotn i dei samfunnsøkonomiske analysane.

Vi fekk i oppdrag å vidareføre arbeidet med prosjekteringa av Stad skipstunnel for å redusere kostnadane ned mot NTP-nivå, og har funne løysingar som gjer dette mogleg.

Det er brukt 133 millionar kroner på farleisprosjekt i 2019. To prosjekt er fullført – innsegling Ålesund Aspevågen og innsegling Sandnessjøen. Prosjekta innsegling Farsund, innsegling Bodø og innsegling Vannavalen er under arbeid. Prosjektet gjennomsegling Hjertøysundet skal gjennomførast i 2020, medan prosjektet innsegling Grenland skal startast i 2020 og fullførast innan 2021.

Tabell 5 Farleiprojekt (i millionar kroner ekskl. mva)

| Prosjekt | Kostnadar i 2019 | Kostnadar totalt i prosjektet | Fullføringsgrad |
|------------------------------|------------------|-------------------------------|-----------------|
| Gjennomsegling Hjertøysundet | 1 | 1 | 3% |
| Innsegling Grenland | 1 | 4 | 4% |
| Innsegling Leirpollen | 2 | 16 | 12% |
| Innsegling Farsund | 7 | 7 | 16% |
| Innsegling Bodø | 13 | 66 | 38% |
| Innsegling Vannavalen | 17 | 17 | 48% |
| Planlegging Longyearbyen | 1 | 27 | 69% |
| Stad undersøkingar | 18 | 53 | 88% |
| Innsegling Ålesund Aspevågen | 59 | 59 | 100% |
| Innsegling Sandnessjøen | 15 | 15 | 100% |
| Sum farleier | 133 | 264 | |

For detaljert oversikt over farleistiltaka og status i desse viser vi til vedlegg 1.

FISKERIHAMNER

Fiskerihamnetiltak betrar tilgangen til hamnene og bidreg til å styrke lokalt næringsliv og busetnadsmønster langs kysten.

Vi har brukt 68 millionar kroner på fiskerihamner i 2019. Prosjekta omfattar mellom anna utdjuing av innseglinga til hamna, bygging av nye merker, bygging av ny molo med meir.

Prosjektet Gjerdsvika fiskerihamn er slutført medan prosjektet Brevikboten fiskerihamn er i gjennomføringsfasen. Prosjekta Båtsfjord fiskerihamn og Mehamn fiskerihamn vart slutført hausten 2018, medan sluttoppgjer var i 2019. Totalkostnaden for desse prosjekta var noko lågare enn budsjettert.

For detaljert oversikt over fiskerihamnetiltaka og status i desse viser vi til vedlegg 2.

Tabell 6 Fiskerihamner 2019 (i millionar kroner ekskl. mva)

| Prosjekt | Kostnadar i 2019 | Kostnadar totalt i prosjektet | Fullføringsgrad |
|------------------------|------------------|-------------------------------|-----------------|
| Brevikbotn fiskerihamn | 16 | 17 | 54% |
| Gjerdsvika fiskerihamn | 53 | 67 | 95% |
| Båtsfjord fiskerihamn | -0,1 | 122 | 100% |
| Mehamn fiskerihamn | -1 | 21 | 100% |
| Sum fiskerihamner | 68 | 226 | |

Vi forvaltar ei tilskotsordning for tiltak i fiskerihamner, og har gitt tilsegn og utbetalt tilskot i samsvar med krav til framdrift og medfinansiering.

Det er løyva 10 millionar kroner til ferdigprosjektering av fylkeskommunale og kommunale fiskerihamnetiltak som står i gjeldande NTP. Fleire av dei omsøkte prosjekteringstiltaka vart ikkje ferdig innan fristen og har søkt om utsatt frist. Vi forventar at alle løyvingane er utbetalt innan 1. kvartal 2020.

Vi har i 2019 stått for den administrative oppfølginga av ordninga med forskotering av midlar til fiskerihamner og farleier på vegne av Samferdselsdepartementet. Dei seks avtalane som ordninga omhandlar er signerte, og kommunane Gamvik, Nordkapp, Berg, Ibestad, Herøy og Giske er no i gang med planlegging av tiltaka.

Tabell 7 Tiltak som er tildelt midlar til ferdigprosjektering av fiskerihamner

| | Innvilga beløp |
|---|----------------|
| Vestland – Bremanger – Kalvåg fiskerihamn | 1 040 000 |
| Troms-Skjærvøy-Årviksand fiskerihamn | 1 800 000 |
| Nordland-Røst-Røst fiskerihamn | 400 000 |
| Finnmark-Vardø-Kiberg fiskerihamn | 1 300 000 |
| Finnmark-Vardø-Vardø hamn | 1 495 000 |
| Finnmark-Lebesby-Kjøllefjord fiskerihamn | 905 000 |
| Nordland-Andøy-Andenes fiskerihamn | 150 000 |
| Finnmark-Måsøy-Havøysund fiskerihamn | 2 910 000 |
| | 10 000 000 |

REGIONREFORMA – OVERFØRING AV FISKERIHAMNENE TIL DEI NYE REGIONANE

Eit av tiltaka i regionreforma er å flytte ansvaret for fiskerihamnene frå Kystverket til dei nye folkevalde regionane med verknad frå 01.01.2020. Endra ansvar og eigarskap frå stat til fylke skal gjerast etter avtale med det einstilte fylke.

Det er signert avtalar om overføring av fiskerihamner med alle fylkeskommunane i Sør-Noreg (Viken, Vestfold og Telemark, Agder, Rogaland og Vestland fylkeskommunar), og dei tok over ansvaret 01.01.2020. Dei andre fylka ønskjer ikkje å ta over fiskerihamnene grunna usikkerheit knytt til rammeoverføringane. Både Møre og Romsdal og Trøndelag har gitt signal om at det førebels berre er aktuelt for dei å ta over næringsaktive fiskerihamner.

Etter avhending og avlesing av rettar, var det ved utgangen av året om lag 460 hamner att i porteføljen. Etter at fem fylker tok over fiskerihamner den 01.01.2020, har vi no ansvar for 300 statlege fiskerihamner – fordelt på 215 næringsaktive og 85 ikkje-næringsaktive. Vi skal behalde rettar til navigasjonsinnretningar i meir enn 200 fiskerihamner, og vi er i gang med eit omfattande arbeid for å sikre rettsvern for desse.

BOBLEGARDIN

Boblegardina er ein «vegg» av bobler som blir laga ved at ein plasserer ut eit langt rør på sjøbotnen. Røret har tett i tett med 1mm store hol, der luftbobler blir pressa ut ved å kople røret til ein trykkluftkompressor.

Veggen av små luftboblene dempar den vidare forplantinga i sjøen for trykkpulsane frå sprenginga.

STADIG BETRE SJØVEG OG

I løpet av eit år utfører Kystverket fleire farleisprosjekt for å betre framkoma og gjere sjøvegen tryggare. Samtidig har etaten eit kontinuerleg fokus på å forbetre metodane ein nyttar i prosjekta.

Eit av farleisprosjekta som vart utført i 2019 var utdjupeinga av Aspevågen, Kippervika og Steinvågsundet i innseglinga til Ålesund.

UTFORDRINGAR

Det å utføre eit så omfattande tiltak rett ved eit bysentrum kan by på utfordringar, som til dømes støy, vibrasjonar, bekymringar for spreining av forureina sediment og bekymringar for livet i sjøen, eller heilt andre bekymringar.

– På førehand hadde vi hatt ein omfattande og formell prosess med Ålesund kommune, Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet om potensielle miljøbekymringar, og desse vart det teke omsyn til, både i søknaden til Fylkesmannen og i løyvet frå denne, fortel avdelingsdirektør Sven Martin Tønnessen i kystforvaltningsavdelinga til Kystverket.



PROSJEKTET INNSEGLING ÅLESUND

